



## **REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I BØMLO BÅTLAG BYGDATUNET 23.02.12**

### **1. Konstituering**

Det møtte i alt 7 medlemmer inkludert 3 frå styret.

### **A. Opning**

Leiaren, Terje Kallevåg, ønskte velkommen til årsmøtet.

### **B. Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Innkalling og dagsorden vart godkjend utan merknader.

### **C. Val av møteleiar**

Terje Kallevåg vart vald til møteleiar.

### **D. Val av referent**

Kåre Bogetveit vart vald til referent

### **E. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen**

Følgjande vart vald til å underteikna protokollen:

Nils Olson

Svein Eide

### **F. Årsmelding**

Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

### **G. Revidert rekneskap**

Kasseraren kunne ikkje møta, så rekneskapen vart lagt fram av leiaren..

Rekneskapen for 2011 vart godkjend utan merknader

### **H. Forslag som er fremma av styret eller frå medlem/medlemmer**

Styret hadde ikkje fått inn saker frå medlemmene til årsmøtet, men hadde desse sakene dei ville ta opp på møtet:

#### **1. Tilskot til utstyr – Grendakjøkenet**

*Vedtak:* BBL støttar innkjøp av nytt utstyr med kr 5 000.

#### **2. Nedvask av Grendakjøkenet**

*Vedtak:* BBL vil vera med på opplegget som gjeld nedvask av kjøkenet.

### **3. Midlar til felles oppskyting av rakettar på nyttårsafta**

*Vedtak:* BBL vil ikkje setja av midlar til dette.

### **4. Deltaking på Kystsogedagane (Langevågdagane)**

*Vedtak:* BBL vil vera med på å arrangera Kystsogedagane 2012. Deltakinga skal evaluerast før me avgjer vidare deltaking. Arrangementskomiteen finn kandidatar til å møte på planlegginga.

### **5. Innkalling til årsmøtet på mail**

*Vedtak:* Innkalling til årsmøtet kan sendast ut pr e-post. Det bør sendast ut påminning til årsmøtet (og styremøte) med SMS.

### **6. Båtopptak for mindre båtar**

Ronny Pedersen har opna for bruk av ”slipp” til å setja ut og å ta opp mindre båtar. Båtlaget sine medlemmer kan nytta seg av denne.

*Vedtak:* Styret gjer avtale med Ronny Pedersen om fast pris for dette.

## **I. Forslag til kommande års budsjett**

Forslag til budsjett for 2012 var lagt fram og godkjend utan merknader.

## **J. Val av styre**

Valnemnda la fram følgjande forslag til nytt styre:

Nils Olson (ny)	2 år	(nestleiar)
Leif Toft (ny)	2 år	(styremedlem)
Jon Helge Talmo	1 år	(leiar)
Kåre Bogetveit	1 år	(skrivar)
Kristen Thorsen	2 år	(kasserar)
Eivind Kallevåg	1 år	(havnesjef)

Varamedlemmer:

Tjerand Pettersen	1 år
Einar Vestvik	1 år

*Vedtak:* Valnemnda sitt forslag vart vedteke, men med merknad om at det er ønskjeleg at varamedlemmene møter på styremøta når dei vert kalla inn.

**Arrangementskomite:**

Valnemnda sit forslag:  
Ruth Lillian Lønning 1 år  
Oddbjørg Vika 2 år  
Evy Hovland 1 år  
Torild Barane 1 år  
Katja Dienemann 1 år

*Vedtak:* Valnemnda sitt forslag vart vedteke.

**K. Val av revisor. Vert vald for 1 år av gangen**

Revisor: John Helmer Monsen 1 år

**L. Val av valnemnd på tre medlemmer og ett varamedlem.**

Forslag til valnemnd:  
Erlend Nilsen 2 år  
Karl Vika 1 år  
Tor Inge Vestvik 1 år

*Vedtak:* Valnemnda sitt forslag vart vedteke.

Bømlo Båtlag

Kåre Bogetveit  
Skrivar

Underskrift av protokoll:

Svein Eide

Svein Eide

Nils Olson

Nils Olson